

Alver kommune  
v/rådmann Ørjan Raknes Fortun

## Landbruksveg Tjukketla-Tyborgnes

06.desember 2022

God dag og takk for sist.

Det var i Kilstraumen i juli då Nordhordland Næringslag feira 50 år, der me begge var gjestar men at eg i tillegg var lurt til å halda jubileumstalen.

Eg nemnde for deg dette med ovannemnde landbruksveg og at det var av interesse for oppsittarane i Tyborgnes å få avtale eit møte med Alver kommune om dette. Du svara at det var berre å ta kontakt om det. Det gjer eg no.

./.. Vedlegg viser til eit møte som var med Lindås kommune i september 2017.

Saka har vore lagt nede, det er ein grunneigar på Rosnes som hadde nekta fri veggrunn, no har Jordskifteretten bestemt at me får veggrunn og at me skal byggja landsbruksveg mellom Tjukketla og Tyborgnes.

\*

Som du ser av vedlegget grunngav me tilhøva i Tyborgnes, den einaste veglause fastlandsgrenda i Lindås, om det er ogso i Alver kommune veit eg ikkje.

Eg tek ikkje oppatt dei argumenta som er i referatet frå 2017, men berre nemna at den fastbuande i Tyborgnes, Margot Tyborgnes, kan ikkje bu der vinterstid, som du kjenner til har me ei gamal ferge til bruk Tyborgnes-Lauvås og ved at isen legg seg på sjøen, er det ikkje muleg å koma seg over. I slike høve må Margot flytta annan stad.

Eg har ringt deg mange gonger utan å få kontakt. Eg forstår nok at det er travelt å vera i din posisjon, difor dette brev med spørsmål om du kan setja av tid til eit møte med Margot Tyborgnes og eit par andre representantar frå grenda, kor me vil ta opp spørsmål om det er muleg å få eit tilskot frå Alver kommune til vegen.

Me oppsittarane må betale fleire millionar sjølv i tiltaket.

Me vil ikkje her be om noko spesielt beløp, men om det er muleg med eit omforent tilskot og det for året 2024.

Iflg aviser so ser eg at økonomien i Alver kommune ikkje er av beste slag, ser ein på likninga om «Den rike mann og Lasarus» so er vel ikkje Alver den rike mann akkurat no.

Kan me få til eit møte om dette, i januar i 2023 t.d.?

Ha ein god dag vidare.

Mbh

Karstein Stene

./.. Vedlegg

